

SOMMARKONCERT

I USKEDAL KYRKJA

den 11. JUNI, kl. 19.00



Velkomne til Sommarkonsert i Uskedal kyrkje tysdag 11. juni kl. 19.

Uskedal kyrkje er ei av fleire kyrkjer i Kvinnherad med sommarkonsertar i regi av kantor Eva Megyesi. Konserten er lagt til tysdag 11. juni kl. 19. Eva Megyesi og Pawel Cabala er hovudaktørane på instrumenta orgel og piano. Atle Fredheim og borna Maia og Nanna Sofie vert med. Det same vert song- og musikkgruppa Rustne Menn.

Eva Megyesi spela piano frå ho var fem år gamal. Seinare vart det orgel. Alt i 1985 var ho på plass i calvinistkyrkja i Arad som organist. Etter ferdig utdanning på The Music Academy i 1995 var ho piano- og orgellærar i tillegg til å halda konsertar i ulike land i Europa. Frå 2012 har ho mellom anna vore tilsett som kantor, kordirigent og musikk lærar i Odda og i Kvinnherad.

Pawel Cabala er komponist, kantor og pianist. Han kom til Noreg i år 2000 og har vore tilsett i kyrkja i Odda. Ekteparet Eva og Pawel står ofte fram med konsertar i lag, slik det også vert i Uskedal kyrkje på tysdag.

Alle er velkomne til ein fin og stemningsfull sommarkonsert i kyrkja kl. 19.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Frå plakaten